

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 15.06.2026

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk IKS

Tid: Måndag 15.06.2026 kl. 10:00 – 14:30
Møtestad: Administrasjon Eidsmona, Sandane

Til stades: Sven Flo, Jan Henrik Nygård (digitalt), Marit Elisabeth Larssen
Gunn Sande, Jorunn Frøyen og Tor Olav Sande

Forfall:

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Frode Denk
Alexander Wilke
Johan Kristian Myklebust

Frå eigarkommunane: Kommunedirektør Anders Skipenes

14/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styreleiar meldte innleiingsvis framlegg til ny sak 20/26 om gjenbruksstasjon i Stryn etter orienterings- og drøftingssaker.

Styret gjorde deretter følgjande
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 15/26 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 16.03.26 er godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 15.06.2026

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 16/26 PERIODEREKNESKAP PR. 30. APRIL 2026

Vedlagt følgjer rekneskapsrapport.

Bokført resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 4,19 mill. mot budsjett kr. 0,08 mill.
- Bokført resultat etter finans er kr. 4,18 mill. mot budsjett kr. 0,06 mill.
-

Kommentarar:

- inntekter på abonnementsgebyr både på hushald og næring er periodisert i samsvar med faktisk fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngåande faktura er bokført/avsett i perioden

Oppsummering resultat

Netto positivt resultat skuldast i hovudsak:

- 1,60 mill. i ekstraordinære inntekter plast, gjelder endra pris grunna produsentansvar
- 1,02 mill. i ekstraordinære inntekter glass og metall, gjeld endra pris grunna produsentansvar.
- 1,2 mill. i redusert kostnad på avfall til forbrenning. Skyldast redusert mengde avfall og lågare prisauke enn budsjett.

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 30 04 2026 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.06.2026

SAK 17/26 OPENHEITSLOVA

1.1. Bakgrunn

Lov om verksemder si openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold (openheitslova) trådde i kraft 1. juli 2022.

Føremålet med openheitslova er å fremje grunnleggjande menneskerettar samt helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen og løn som ein kan leve av som følgjer av FN sine konvensjonar om økonomiske, sosiale og kulturelle rettår frå 1966, politiske rettår frå 1966 og ILO sine kjernekonvensjonar om grunnleggjande rettår og prinsipp i arbeidslivet.

Med leverandørkjede meinast alle i kjeda av leverandørar og underleverandørar som leverer eller produserer varer, tenester eller andre innsatsfaktorar som inngår i ei verksemd si levering av tenester eller produksjon av varer frå råvarestadiet til eit ferdig produkt. Med forretningspartnar meinast alle som leverer varer eller tenester direkte til verksemda, men som ikkje er ein del av leverandørkjeda.

1.2. Utgreiingar og drøftingar

For å sikre at NoMil etterlev krav og plikter i openheitslova, er det utarbeidd ein plan og prosedyre (sjå «Prosedyre for arbeid med openheitslova») for korleis det skal arbeidast med forankring, utvikling og implementering av retningslinjer, gjennomføring av aktsemdsvurderingar knytt til rettår og arbeidsforhold i NoMil og i leverandørkjede.

For støtte til arbeidet med openheitslova vil administrasjonen ta i bruk verktøyet Tavler med metodikk, malar og nytte digital rådgjeving, og legg til rette for at NoMil kan arbeide effektivt med openheitslova.

1.3. Prosedyre for arbeid med Openheitslova

NoMil er omfatta av openheitslova sine føresegrer, og vil arbeide i tråd med krava i lova for alle delar av drifta, og sjåast i samanheng med strategi, HMS, likestilling og berekraft.

Jf. Openheitslova § 4 har fokus vore våre leverandørar med gjentekne kjøp over kr. 100.000,- årleg og frå særleg risikoutsette bransjar.

Ved vurdering av risiko for våre leverandørar er geografi, bransje og produkt vektlagt. NoMil har lagt til grunn open informasjon om selskapet sitt arbeid med sosial berekraft, mellom anna eventuelle utgreiingar i tråd med openheitslova sine krav.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.06.2026

Arbeidet med openheitslova er grovt sett organisert i følgjande arbeidsfasar:

Tilrettelegging

- Etablere omfang, involvere deltakarar, identifisere og analysere interessentar i arbeidet med openheitslova og aktsemdsvurderingane

Aktsemdsvurderingar

- Forankre arbeidet og retningslinjer for ansvarleg næringsliv
- Kartlegge negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- Setje i verk, kontrollere og dokumentere tiltak for faktiske forhold og vesentleg risiko
- Kommunisere med interessentar om korleis negative konsekvensar er handtert
- sørge for eller samarbeide om oppretting og erstatning der det er krav om

Orientering

- Årleg orientering om resultat frå aktsemdsvurderingane

Svare på spørsmål

- Sikre at alle kan ta kontakt med oss og stille spørsmål om korleis vi arbeider med openheitslova og resultat frå våre aktsemdsvurderingar

Prosedyren er basert på metodikk og digitale arbeidsflater frå Tavler AS og skal nyttast i NoMil og overfor våre leverandørar og forbindelsar.

Vedlegg;

- 1) Redgjeringsplan for openheitslova 2025
- 2) Retningslinjer for ansvarleg næringsliv
- 3) Krav til leverandørar
- 4) Ethiske retningslinjer

Administrerende direktør si

TILRÅDING

- Styret har som mål at NoMil skal drivast i tråd med openheitslova og framlagt plan så langt det let seg gjere. Planen skal innarbeidast i NoMil sin strategi.
- Styret slutta seg til administrasjonen sine aktsemdsvurderingar, og at den skal publiserast og inkludert i årsmeldinga.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.06.2026

SAK 18/26 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvær og personale 2025/2026

Periode	31/4-25	31/8-25	31/12-25	28/2-26	31/5-26
1-3 dagar:	0,63%	0,53%	0,60%	0,71%	0,52%
4-16 dagar:	0,79%	0,48%	0,36%	0,49%	0,60%
over 16 dagar:	6,37%	5,60%	5,34%	3,17%	4,73%
Totalt fråvær:	7,79%	6,61%	6,29%	4,35%	5,85%

Utfyllande informasjon i møte

Status personale

- Permisjonar maskinførarar, renovatørar og sjåførar
 - Bemanningssituasjonen på renovasjonsavdelinga på Nordfjordeid vil krevje ekstratiltak komande år grunna mange fedrepermisjonar.
 - Vikar på gjenbruksstasjonen i Purkeholta i samband med langtidsfråvær.
- Midlertidige stillingar

Andre saker

- Status ny HMS-plan

Utfyllande informasjon i møte

Status drift

- Normal aktivitet på hovudanlegget og på dei fleste gjenbruksstasjonane.
- Drift på renovasjonsavdelingane går som planlagt, arbeider med løysingar knytt til bemanning
- NoMil er i dialog med fleire av våre eigarkommunar med tilbod om utvida renovasjon løysingar.

Status utskifting og etablering av nye digitale dataløysingar

- Nytt kundesystem
- Nytt økonomi- og lønssystemsystem
- Bytte av inkassoleverandør
- Ny heimeside og NoMil-app
- Ny server- og arkivløysing (skybasert)
- Nytt FDV system (forvaltning- drift- og vedlikehalds / FDV)
- Nytt HMS-system

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 15.06.2026

Tekstil – status

Ombruk

Movia i Nordfjord og Origod i Florø samlar inn og grovsortering tekstilar frå Fretex sine mottakstårn. Tekstilane vert levert til Sunnfjord Miljøverk for utsending.

Materialgjenvinning

NoMil har inngått avtale med Movia om sortering av tekstil til materialgjenvinning. Sunnfjord Miljøverk vil og delta i ordninga.

Utfyllande informasjon i møte

Førespurnad om samarbeid

SIMAS har engasjert selskapet Tell Norge AS i samband med revisjon av sin strategiplan. I den forbindelse er Sunnfjord Miljøverk og NoMil invitert til drøftingar for å avklare om det er interesse for å utvikle eit meir forpliktande og strukturert samarbeid. Tell Norge AS har fått i oppdrag å utarbeide konkret oversikt over mogelege samarbeidsområde og økonomiske vurderingar. Vil bli lagt fram som eiga styresak.

Utfyllande informasjon i møte

Budsjett 2027

Innspel frå administrasjonen:

Nye datasystem

- Budsjettert med konsulentutgiftert, opplæring
- Kundekort, tilgangskontroll
- Programutvikling

Informasjon / kommunikasjon;

- Utarbeide felles informasjonsmateriell i samarbeid med SUM og SIMAS

Miljø og logistikk;

Etablere elektronisk løysing for avfallsdeklarering og vektregistrering

Bygg og anlegg;

Eidsmona:

- Nytt utsleppsløyve – tiltak
 - Miljø/ overvakingsprogram verd hovudanlegg og Ivahola
 - Oppgradering av tilleggsareal Eidsmona

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 15.06.2026

- Industrivern
 - Nytt brannvarslingsanlegg storhall og papir/plast lager/pakking
- Purkeholder:
- Utviding/oppgradering administrasjonsbygg
- Etablering av nedgravne løysingar i Florø

Bilar og maskiner;

Nye ordinære renovasjonsbilar (ordinær utskifting)

Nye gjenbruksstasjonar;

- Bygging av ny stasjon i Stryn

Økonomiplan 2027 – 2030

Innspel frå administrasjonen:

Nye gjenbruksstasjonar	Kostnadsestimat
• Stryn 2027	20 mill.
• Stad / Haugen 2028	16 mill.
• Bremanger	Ikkje avklart eigarskap
Ny avfallskvern inkl. infrastruktur	11 mill.
Opparbeiding areal Eidsmona	
• Opparbeiding av tomt	3 mill.
• Nytt lager og sorteringshall papp, papir og plastemballasje	12-15 mill.

Andre satsingsområde, investeringar og prosjekt til drøfting i møte.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 15.06.2026

SAK 19/26 EVALUERING AV STYRE OG DAGLEG LEIING
(unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

SAK 20/26 NY GJENBRUKSSTASJON I STRYN KOMMUNE
(unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)